

Saksprotokoll i klagenemnda - 08.12.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (FrP)

Vedtak

Klage frå Advokatfirmaet Harris v/Advokat Nergaard over Infrastruktur og veg forvaltning og utgreiing Bergensområdet sitt vedtak av 29.05.2020, leige av offentleg areal til uteservering, Torget 13/Harbour Cayo, gnr 166 bnr. 459, vert delvis teken til følge.

Det vert gjeve løyve til leige av fortausareal ved fv. 577 Torget i 8,5 meters lengde langs fasaden og 1 meter ut frå fasaden langs Torget 13. Totalt leigeareal: 8,5 m².

Løyve vert gjeve på **følgjande vilkår**:

Det er forbode å nytte eit større areal til uteservering enn det vegstyremakta har fatta vedtak om jf. veglova § 57, 2. ledd, 2. punkt. Det betyr at fysisk avgrensing av uteserveringa ikkje skal gå over dei grensene fylkeskommunen har vedtatt.

Til informasjon vil Vestland fylkeskommune revurdere bruken av areal til uteservering før utleigesesongen 2021. De må derfor ta høgde for at det kan bli endringar i utleigeforholdet ved eit seinare tidspunkt.

- All møblering skal plassast direkte på bygolvet.
- Det kan inngåast ny leigekontrakt mellom Torget 13/Harbour Cayo og Vestland fylkeskommune om leige av offentleg areal til uteservering, med 8,5 meters lengde langs fasaden og 1 meter ut frå fasaden langs Torget 13. Totalt leigeareal: 8,5 m².